



DEN NORSKE KYRKJA

Spjelkavik sokn

Møtebok Spjelkavik sokneråd

Møtedato: 10.12.2024
Møtetid: kl. 19.00 – 21.00
Møtestad: Heime hos Severin Roald, i Løvika (Emblem).

Til stades Kjell-Egil Hanken
Torunn Måseide
Ingrid Kristin S. Staff
Severin Roald
Bernt Skjong
Lars Andreas N. Aspehaug (1. vara)
Anders G. Grytten (sokneprest)
Astrid Eide (dagleg leiar)

Forfall Jannike G. Rogne

Sakliste

47/24 Godkjenning av innkalling og sakliste
48/24 Godkjenning av møtebok 20.11.2025
49/24 Orienteringssaker / skriv og meldingar
Nytt frå stab og utval
Nytt frå Fellesrådet
50/24 Budsjett 2025
51/24 Offertildeling vår 2025
52/24 Møteplan vår 2025
53/24 Eventuelt



Saker

47/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak:

Spjelkavik sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknadar

48/24 Godkjenning av møtebok 20.11.2025

Forslag til vedtak:

Spjelkavik sokneråd godkjenner møteprotokoll frå 20.11.25 utan merknadar

49/24 Orienteringssaker / skriv og meldingar

Nytt frå stab og utval

- Ikkje noko nytt frå Hatlehol kyrkjebygg. Kjell-Egil purrer.
- Prosjekt Julegran på «Hatlehol-tomta» har dessverre ikkje lukkast i år. Dette grunna fleire uheldige samantreff med dårleg vêr og føre, montering (for kort lift) m.m. Alt ligg til rette for julegrantenning i 2025.
- Lørdagskafé i oktober var ein suksess. Gjentakast til våren.
- Gunnhild B. Løvold er ferdig med sine eksamenar. Vårsemesteret 2025 skal ho ha full permisjon frå stillinga i Spjelkavik for å fullføre studiene.
- Staben jobbar svært godt og har mykje å gjere no i desember. Fleire skule- og barnehagegudstenester i tillegg til ordinære oppgåver, aktiviteter og arrangement. Det er god stemning og gode prosessar på gong.

Nytt frå Fellestrådet

- Neste møte i morgon, onsdag 11.12.24
- Det har vore møte i administrasjonsutvalet tidlegare i dag i fbm tilsetting av sekretær i 100% stilling. Intern utlysing, to søkarar, begge til intervju. Innstillinga vart gjort og tilbod er sendt ut til den eine kandidaten.

Spjelkavik sokneråd tek skriv og meldingar til vitande.

50/24 Budsjett 2025

Vedlegg: Budsjett 2025 Framlegg desember 2024



DEN NORSKE KYRKJA

Spjelkavik sokn

Budsjettet som vart godkjend 20.11 gjekk med eit mindreforbuk på 57.000 kr. Beløpet foredalst på utgiftspostane 1100 – Aktivitetsbasert forbruksmateriell, 2000 – Inventar og utstyr og 2703 – Lyd, lys, scene-tjenester.

Fordeling:

Post	Vedtatt 20.11	Forslag til økning	Nytt beløp	Begrunnelse
1100 - Aktivitetsbasert forbruksmateriell	• 160.000 kr	• 10.000 kr	• 170.000 kr.	Generell prisøkning på varer og tjenester
2000 - Inventar og utstyr	• 15.0000 kr.	• 35.000 kr	• 50.000 kr.	Blant annet behov for innkjøp av nye klatreklosser til klokketårnet og eventuelle kostnader knyttet til nytt scenelys i kirkerommet.
2703 - Lyd, lys, scene-tjenester	• 10.000 kr.	• 12.000 kr	• 22.000 kr.	Behov for mer støtte fra lyd kjelleren i forbindelse med konserter der lydbildet er av en mer krevende art <i>Her bør vi vurdere et påslag i utlei pris dersom vi ser at dette blir en betydelig merkostnad for oss.</i>

Vedtak:

Spjelkavik sokneråd godkjenner Budsjett 2025 med dei foreslåtte endringane.

51/24 Offertildelingar 2025

Grunnleggende prinsipp ref sak 07/24 og 15/24

- De som står på listen og får midler må være i aktivitet og at de ikke bare "henger igjen på listen" fra år til år.
- Bedre informasjon i GT om hva pengene man samler inn går til.



DEN NORSKE KYRKJA

Spjelkavik sokn

Vedtak:

Offertildelingane i 2025 vert gjort etter same mal som for 2024. Det vil seie at mesteparten av ofringane skal gå til soknet sitt eige arbeid, og at misjonsprosjekta i regi av Det Norske Misjonsselskap og Himalpartner vert prioriterte. Kyrkjeoffer julaften og i fastetida skal tildelast Kirkens Nødhjelp. TV-aksjonen leggst inn som mottakar når det er tid for denne, etter soknepresten si vurdering av formålet. Dagleg leiar, i samråd med sokneprest, får fullmakt til å fordele dei andre ledige offersøndagane ut i frå vedlagt liste over eksterne offer. Dagleg leiar, **i samråd med AU**, får fullmakt til å legge inn ny offermottakar dersom det oppstår eit særskilt behov for dette gjennom året.

Sjølv om denne fullmakta vert gitt, så må soknerådet være informert kvar haust om endringar i offerlista jf§12

Eksterne offermottakarar per 2024:
North South Partnership Aid (NSP Aid)
Blå kors
Den norske Israelmisjon
Det Norske Misjonsselskap – Misjonsprosjektet (NMS Misjonsprosjektet)
Det Norske Misjonsselskap – Organisasjonen (NMS)
Menighetsfakultetet
Globalaksjonen KFUK/M
Himalpartner misjonsprosjektet
Himalpartner organisasjonen
Institutt for kirke og oppvekst (IKO)
Kirkens Nødhjelp - fastetiden
Kirkens Nødhjelp, julaften
Kirkens SOS
Kristen Idrettskontakt (KRIK)
Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)
Misjonsalliansen
Misjonshøyskolen
Speidergruppene lokalt
Norges kristelige student- og skoleungdomslag (NKSS)
Jon Vegard Lervågs minne
Stefanus alliansen
Norges søndagsskole - landsplan
Ung Kirkesang
Moldova prosjektet Frelsesar./Grytten
TV-Aksjonen



DEN NORSKE KYRKJA

Spjelkavik sokn

52/24 Møteplan vår 2025

15.01.2025
11.02.2025 – «Get Together»
26.03.2025
07.05.2025
04.06.2025

Vedtak:

Spjelkavik sokneråd godkjenner forslag til møteplan for våren 2025, med endringar. Soknerådet bestemmer samtidig at det årlege soknemøtet avholdast søndag 18.05.

53/24 Eventuelt

Severin Roald har vore på «studietur» til Sædalen kirke utanfor Bergen. Viser bilder og fortel om arbeidet som er gjort der i forbindelse med bygging av ny kyrkje og kyrkjelyd.

Neste møte: 15.01.2025

For Spjelkavik sokneråd

Astrid Josefine Eide, dagleg leiar (ref.)